



KULTURMINNEPLAN VIK KOMMUNE 2018-2029

Vedtøken i kommunestyret 22.11.2018, sak 086/18



Hopperstad stavkyrkje, Vik



Utløe, Hellane/Framfjord



Fridtjovstatuen, Vangsnes



Gamlestova, Lunde/Feios



Notanaustet, Fresvik

#velkomentilvik

Postboks 134, 6891 Vik i Sogn | tel: 57 69 82 00 | post@vik.kommune.no | vik.kommune.no
Bankgiro: 4202.38.41511 | Org. nr 937 498 764

Side 1 av 33



Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Medverknad og planprosess	4
1.3 Definisjonar og ordforklaring	5
2. Rammer, overordna mål og retningslinjer	7
2.1 Lovgrunnlag	8
3. Status for kulturminne i Vik kommune	9
3.1 Historisk oversyn	9
3.2 Tilstand og planstatus for faste kulturminne i Vik kommune	12
3.3 Formidling	14
3.4 Viktige kategoriar av faste kulturminne i Vik kommune	15
4. Verdifulle kulturminne	16
4.1 Freda kulturminne	17
4.2 Verna kulturminne	19
4.3 Bygningar med byggjeår 1650-1850	21
4.4 Andre verdifulle kulturminne	23
5. Forvaltning av kulturminne i Vik kommune	26
5.1 Mål og strategiar	27
5.2 Retningslinjer for forvaltning	28
5.2.1 Generelle retningslinjer	28
5.2.2 Retningslinjer for freda kulturminne	28
5.2.3 Retningslinjer for verna kulturminne	28
5.2.4 Retningslinjer for kulturminne med byggjeår før 1850	28
5.2.5 Retningslinjer for kommunalt verneverdig kulturminne	28
5.2.6 Registrering i Askeladden	28
6. Handlingsplan	29
7. Vedlegg	31
7.1 Kjelder	31
7.2 Verdivurdering av kulturminne i kap. 4.4	32

Alle fotografiar i plandokumentet er tekne av tilsette i Vik kommune eller av private.

1. Innleiing

Kulturminne er spor etter menneskeleg liv og verksemd.

Bygdene i Vik kommune er rike på kulturminne etter fleire tusen års busetting, m.a. gravhaugar, skålgroper i stein, klebersteinsbrot og store fangstanlegg for rein i høgfjellet. Hopperstad stavkyrkje og Hove steinkyrkje frå 1100-talet er kulturminne med stor nasjonal verdi, og viktige attraksjonar.

Landbruk var livsgrunnlag og hovudnæring til ut på 1900-talet. Storparten av kulturminne i Vik kommune er difor knytt til landbruk: Kulturlandskap med murar og styvingstre, bygningar og anlegg i tun og utmark, stølsvegar og stølar i fjellet og naust ved sjøen m.m. Dei siste hundreåra har nye næringar og samfunnsbygging komme til, t.d. offentleg embetsverk og administrasjon, industri, handverk og handel.

Synlege kulturminne er m.a. strandsitjarstaden Vikøyri og mindre tettstadmiljø på Nese, i Framfjorden og Fresvik, spor etter talkutvinning i Framfjorden, Refsdal kraftverk, lensmannsgarden i Bø, gjestgjevargarden på Vangnes, doktorgarden i Vik, sveitserhotella i Vik og Fresvik og det gamle kommunehuset i Vik. I tillegg er det bygg og anlegg for fellesskapet: kyrkjer og skulehus, ungdomshus og bedehus i alle sokn, samt vegar, bruar og kaiar. Vakre villaer og våningshus frå 1800- og tidleg 1900-tal i tidstypiske stilartar er smykke og viktige kulturminne i bygdene. Statua av Fridtjov den frøkne og minnesmerke over falne i krig er og kulturminne.

Kulturminne er ei viktig kjelde til kunnskap om historia og til gode opplevingar. Dei kan og vera grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Når eit kulturminne forsvinn, er det eit vindauga mot fortida som lukkar seg. Viktige kulturminne i Vik kommune står i fare for å gå tapt, og mange er alt borte.

Denne planen gjeld *faste kulturminne* eldre enn 1950. I planen er det gjort eit *utval*, omtalt som *verdifulle kulturminne*. Det gjeld alle som er freda eller verna ved lov eller planvedtak, samt eit skjønsmessig utval av andre faste kulturminne, i hovudsak frå nyare tid. Planen set opp retningslinjer og tiltak for god forvaltning av dei. Målet er å avgrensa tapet av kulturminne, og ta vare på eit representativt utval for framtida. Verdifulle kulturminne lista opp i denne planen skal stilla i første rekkje for tiltak og tildeling av tilskot/støtte til vøling og restaurering.

Planen er ein tematisk kommunedelplan etter § 11.2 i plan- og bygningslova, og skal vera kommunen sin reiskap i forvaltninga av kulturminne, og gje auka kunnskap og medvit om verdien av kulturminne. Planen har ein generell del, og ein handlingsdel for tiltak i kommunal regi næraste 4 år.

Kunnskapen om kulturminne i Vik kommune er omfattande, men likevel langt frå komplett. Denne planen byggjer på kunnskap me no har, og må ved seinare revisjonar ta opp i seg ny kunnskap.

Vik kommune har ikkje tidlegare hatt eigen plan for kulturminne. Denne planen skal bidra til at kommunen kan ivareta lovpålagt forvaltaransvar og forventningar frå overordna styresmakter på best mogeleg måte.

1.1 Medverknad og planprosess

Vik Formannskap oppnemnde i møte 8.11.2010 ei plannemnd med mandat å starta arbeid med ein kulturminneplan for Vik kommune. Desse var med i plannemnda:

Bjarne Bjørkevoll (Fresvik), Bjarnhild Samland (Feios), Olav Fimreite (Vangsnes), Arne Inge Sæbø (Vik lokalhistoriske arkiv) Jon Nese (Arnafjorden). Ottar Wiik (Vik Kommune) har vore sekretær for nemnda. Olav Fimreite gjekk ut av nemnda i 2012. Karen Weichert har vore med i nemnda som sekretær frå 2015.

Oppstart av planarbeidet vart varsla i desember 2010. Innspel til oppstartvarsel (vedlegg) frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og frå Bergen Sjøfartsmuseum er ivaretekne i planen.

Arbeidet med sjølve planframlegget har drege ut i tid, men det er i denne perioden gjennomført arbeid og tiltak som har løfta medvit om verdien av kulturminne, og gjeve eit betre kunnskapsgrunnlag for planen:

- Registrering av utløer og andre utmarksbygg i heile kommunen 2011-2014, for Fresvik i regi av Fresvik Skule, for andre sokner i regi av Vik lokalhistorisk arkiv
- Kontrollregistrering av SEFRAK-registrerte bygg, ikkje slutført pr. 1.2.2018
- Kulturminne er tema i revidert kommuneplan for Vik av 2012 (samfunnsdel) og 2014 (arealdel). 14 verdifulle kulturmiljø er viste som *omsynssone* i revidert arealdel.
- Opne møte/seminar med kulturminne som tema, i regi av lokale historielag, og Vik lokalhistorisk arkiv
- Fotokonkurransen «Mitt Kulturminne 2015» i regi av Vik Kommune. 62 bidrag frå m.a. inviterte skuleklassar vart utstilte i 4 av bygdene.
- Hausten 2015 Inviterte nemnda til opne møte i Fresvik, Vangsnes Framfjorden og Vik om kulturminne og førebels forslag til kulturminneplan. Det kom verdifulle innspel og synspunkt på møta.
- Det er informert om kulturminne og kulturminneplan i aviser som er distribuert til alle husstandar.
- Det er gjennomført 2 kurs i bruk av nettstaden *kulturminnesok.no*.
- Fleire verdifulle kulturminne er sikra og/eller restaurert i perioden, m.a. Notanaustet i Fresvik og Refsdal kraftstasjon frå 1913. Vik Fengsel frå 1865 vart freda i 2011.

1.3 Definisjonar og ordforklaring

Kulturminne:

Spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, og stader som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til (Lov om kulturminne). Kulturminne har mange former.

Materielle kulturminne:

Faste kulturminne: bygningar og anlegg, kulturlandskap, også jordfaste gjenstandar.

Lause kulturminne: kulturminne som kan flyttast: gjenstandar, inventar, reiskap m.m.

Immaterielle kulturminne:

Praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter, t.d. innan handverk.

Det me ikkje kan ta på ved eit kulturminne: Tru, tradisjon, segn og hendingar.

Kulturlandskap:

Menneskeforma landskap som inneheldt økologiske, biologiske og kulturhistoriske element.

Døme: Område med gamal slåttemark, bakkamurar og styvingstre.

Kulturlandskapet omfattar også strukturar som er gøymde under jordoverflata.

Kulturmiljø:

Område der kulturminne og/eller kulturlandskap er del av ein større heilskap eller samanheng.

Freding

Vedtaksfreding: Vedtak etter *Lov om kulturminne*, med formål bevaring av eit kulturminne/kulturmiljø. Freding er det sterkaste juridiske vern eit kulturminne/kulturmiljø kan ha. Alle kan foreslå freding. Berre Riksantikvaren (RA) kan gjera vedtak om freding, til vanleg på grunnlag av fylkeskommunen si saksutgreiing og innstilling. Freding avgrensar eigar sin råderett på avgjerande vis, men gjev og tilgang til støttemidlar.

Automatisk freda kulturminne (Fornminne):

Kulturminne eldre enn 1537. Automatisk freda etter kulturminnelova. Dette gjeld både bygningar, gjenstandar og strukturar t.d. i jordlag.

Nyare tids kulturminne:

Kulturminne yngre enn 1537. Ståande bygningar eldre enn 1650 er automatisk freda.

Vern:

Vern inneber ulike grader av bevaring av kulturminne og kulturmiljø.

Viktigaste lovgrunnlag for vern er *Plan og bygningsloven*. (PBL) og *Naturmangfoldloven*.

Viktigaste planreiskap er *kommuneplan* og *reguleringsplan* med tilhøyrande føresegner.

Vern kan og gjerast med private verneplanar, tilskotsmidlar, avtalar m.m.

Vern inneber til vanleg mindre inngrep i eigar sin råderett og mindre omfattande restriksjonar enn freding.

For bygningar vil vern til vanleg gjelda det utvendige (eksteriør).

Byggeskikk:

Innarbeidd /tradisjonsbunden måte å byggja og plassera hus. Kan t.d. vera lokal byggeskikk tilpassa lokal levemåte, materialtilgang og landskap. Meir tydeleg i eldre tid.

Dokumentasjon:

I tillegg til objekt og strukturar som utgjer kulturminne byggjer kulturminnekunnskapen vår på dokumentasjon av kulturminne i form av skriftlege omtalar, teikningar og fotografi, samla i arkiv og bibliotek. Dette gjeld t.d. rapportar og omtalar etter arkeologiske utgravingar, innsamling av stadnamn og segner osb. Slikt dokumentasjonsmateriale finn ein t.d. ved Vik lokalhistoriske arkiv, fylkesarkiva i Sogn og Fjordane og Hordaland, Riksantikvaren sitt arkiv og Universitetsmuseet i Bergen.

SEFRAK:

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne (SEFRAK) gjennomførde frå ca. 1975-1995 ei landsomfattande registrering av bygningar med byggjeår før ca.. 1900. Registreringane for Vik er tilgjengelege på nettstaden *Fylkesatlas* og viser status ved registrering. Ikkje alle aktuelle bygningar vart registrerte.

Raud SEFRAK: byggjeår før 1850. Gul SEFRAK: byggjeår 1850-1900. Tidfesting er usikker for mange objekt.

Listeført:

Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er sokalla «listeførde». Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er og «listeførde», slik som kyrkjene i Arnafjord, Vangsnes, Feios og Fresvik. Alle endringar/tiltak i eller ved listeførde kyrkjer skal handsamast av Riksantikvaren etter det sokalla «kyrkjerundskrivet».



Arnafjord kyrkje er «listeførde».



Interiør i Løytnantstova i Feios. Løytnantstova er registrert som «raud SEFRAK».

2. Rammer, overordna mål og retningslinjer

Nasjonale retningslinjer for kulturminnepolitikken

Kommunane skal gjennom kommuneplanen legge nasjonale og regionale retningslinjer til grunn for si planlegging. *Stortingsmelding nr. 16 "Leve med kulturminner"* (2005), er ein handlingsplan for kulturminnepolitikken i landet vårt fram mot 2020. Stortingsmeldinga har eit mål om at kulturminne og kulturmiljø skal stå sentralt i utviklinga av levande lokalsamfunn, og legg fram ein handlingsplan med forslag til tiltak for å stoppe forfallet og tap av verdifulle kulturminne. I 2013 kom Stortingsmelding 35 «*Framtid med fotfeste*» som fører vidare strategien for kulturminnepolitikken fram mot 2030.

*Som planleggingsmyndigheit er **kommunen** den største forvaltaren av kulturhistoriske verdiar og skal vere ein pådrivar i arbeidet med å sikre kulturminne .*

Fylkeskommunale retningslinjer for kulturminnepolitikken i Sogn og fjordane

Som regional kulturminnemyndigheit skal fylkeskommunen følgje opp den nasjonale kulturminnepolitikken.

Overordna regionale mål på kulturminnefeltet (Fylkesplan for arealbruk 2000):

- Forvalte kulturarven slik at ein sikrar berekraftig bruk og utvikling av kulturminne og kulturmiljø
- Sikre kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida
- Medverke til å tilrettelegge og presentere kulturminne og kulturmiljø til publikum

Kommuneplan for Vik Kommune 2013-2024

Samfunnsdelen med handlingsdel vedteken desember 2012 krev utarbeiding av kulturminneplan. Arealdelen av kommuneplanen vedteken 2014 syner 14 område som *omsynssone bevaring av kulturmiljø*, med tilhøyrande retningslinjer.

Reguleringsplanar etter Plan- og bygningslova

Ei rekkje kulturminne og kulturmiljø i Vik kommune er verna i vedtekne *reguleringsplanar*.

Viktige planar for vern etter PBL.:

- Reguleringsplan for tettstadsfornying på Vikøri 1990
- Reguleringsplan for Storetriangelen i Vik 1989
- Reguleringsplan for Hove-Moahaugane-Hopperstad 2009

Landskapsvernområde etter Naturmangfaldslova

- Stølsheimen Landskapsvernområde
- Nærøyfjorden landskapsvernområde

Føresegner for landskapsvernområda gjev ein stor grad av vern også til kulturminne og kulturmiljø, som t.d. stølar.

2.1 Lovgrunnlag

Kulturminnelova (KML) (Lov om kulturminner av 9.6.1978, sist revidert 1.10.2015)

Alle kulturminne eldre enn 1537, og ståande bygningar eldre enn 1650 er *automatisk freda*.

Rundt automatisk freda kulturminne er ei sikringssone på 5 meter, der inngrep er forbode.

Meldepliktige tiltak (riving, endring) på bygg og anlegg eldre enn 1850 skal til uttale hjå kulturavdelinga i fylkeskommunen før vedtak i kommunen.

Nyare tids kulturminne kan fredast: område, bygningar og/eller interiør. Det er berre Riksantikvaren som kan vedta freding.

Fylkeskommunen kan gje dispensasjon frå fredingsføresegner for mindre vesentlege endringar.

Plan- og bygningslova (PBL) av 2008

PBL pålegg kommunen eit ansvar for å forvalta kulturminne på ein berekraftig måte.

I kommuneplan og reguleringsplanar etter PBL kan kommunen som planstyremakt verna kulturminne og kulturmiljø. Vern kan ha ulik grad og innhald.

PBL §13 gjev heimel til å vedta mellombels forbod mot riving eller andre større tiltak på verneverdige bygningar/anlegg. Forbodet gjeld 4 år, og kan gje tid til å utarbeida reguleringsplan for varig vern.

Naturmangfaldlova (NML) («lov om forvaltning av naturens mangfold» av 19.6.2009)

Lova erstatta *Lov om naturvern* av 1970, som var heimel for etablering og forvaltning av m.a. Stølsheimen og Nærøyfjorden landskapsvernområde.



Moahaugane på Hove i Vik. Storehaugen fremst.



Hove Kyrkje, ca.. 1170 e. kr.

3. Status for kulturminne i Vik kommune

Bygdene i Vik kommune er rike både på faste og lause (materielle) kulturminne og på immaterielle kulturminne. Ved Universitetsmuseet i Bergen og Kulturhistorisk museum i Oslo er eit stort tal verdifulle gjenstandar (lause kulturminne) frå Vik kommune samla. Mellom desse er rike gravfunn, og mellomalderskulpturane *Madonna med barnet*, frå Hove (Bergen), *Olav frå Fresvik* (Oslo) og *Leikangerkrusifikset* (Bergen). Ei stor mengd lause kulturminne finst i private samlingar i bygdene i Vik kommune, m.a. på det private gardsmuseet på Tistel. På Vik Lokalhistoriske arkiv og i det lokalhistoriske bladet Pridlao er ei mengd immaterielle kulturminne frå Vik dokumenterte.

Denne planen omhandlar faste kulturminne eldre enn 1950.

- **Alle freda og verna kulturminne**
- **Eit utval av andre faste kulturminne**

Utvalet er gjort etter ei samla vurdering, på bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap.

På grunn av avgrensa tid og ressursar har det ikkje vore råd å gjera inngåande undersøking av alle aktuelle kulturminne. Det er sannsynleg at mange faste kulturminne av stor verdi ikkje er nemnde i planen. Det er difor avgjerande viktig at planen vert revidert og supplert når ny kunnskap kjem til.

Faste kulturminne i høgjellet er tekne med i den grad dei er registrerte. Dette gjeld i hovudsak fangstanlegg og stølar.

Ein kulturminneplan for Vik kommune bør på sikt omfatta både materielle og immaterielle kulturminne. Det er her forutsett at lause og immaterielle kulturminne vert innarbeidd i planen ved seinare revisjonar.

3.1 Historisk oversyn

Kulturminne er viktig kjelde til kunnskap om fortida. Under fylgjer eit kortfatta oversyn som plassera dei viktigaste kulturminna i Vik kommune i ein kulturhistorisk samanheng.

Oldtid. Før vår tidsrekning. Steinialder, bronsealder og førromersk jernalder.

Dei eldste spora etter menneske går attende til dei første 1000-åra etter siste istid. Området som no utgjer Vik kommune er rikt på naturressursar som gav grunnlag for tidleg busetting: grøderikt og lettdyrka jordsmonn, gode fjellbeite og frodig skog i alle lier. Villreinflokkar på høgjellet og fisk i fjorden og elvene.

Sikre spor etter jordbruk på Le i Arnafjorden går 4000 – 5000 år attende. Eldste sikre spor etter stølsdrift i høgjellet er datert til tida rundt Kristi fødsel (Bjergane).

Gravrøyser frå bronsealder (ca.. 1500-500 f. kr.) vitnar om ein tidleg jordbrukskultur i bygdene i Vik.

Viktige kulturminne frå perioden:

- Gravhaugar og gravrøyser
- Skålgroper og bergkunst i stein
- Klebersteinbrot ved Raudberg og Kvilesteinsvatnet
- Gravfunn/gjenstandar: Våpen, smykke, reiskap
- Busettingsspor, m.a. på Le i Arnafjorden og på Geithus

Eldre og yngre jernalder. Frå Romartid til vikingtid. Frå år 0 til år 1050 ek.

Vik veks fram som eit maktsenter i regionen. Stor ekspansjon i jordbruk og busetting i bygdene. Kulturlandskapet som vi kjenner det tek form. Utvinning av jern/myrmalm til våpen- og reiskapsproduksjon. Storskala reinsjakt i høgfjellet. Handel og vikingtokt og mildt klima gjev grunnlag for relativ rikdom. Hove sin posisjon som hovdinggard sentralt i Vik vert utfordra av m.a. Hopperstad mot 1000-årsskiftet.

Viktige kulturminne frå perioden:

- Moahaugane i Vik. Gravfelt for hovdinggarden på Hove 300-500 e.Kr. i bruk til ca. 900 e.Kr.
- Flatmarksgraver frå Hopperstad (Vikingtid)
- Gravhaugar på Vangsnes, i Feios, på Borlaug og i Fresvik,
- Jernvinne Lomsli
- Store fangstanlegg for rein i høgfjellet rundt Fresvikbreen. I området Vikafjellet/Stølsheimen finst det mange fangsgroper som ikkje er kartfesta ennå.
- Kulturlandskapet. Stølar og stølsvegar.
- Gravfunn/gjenstandar: Våpen, smykke, reiskap (Lause kulturminne)
- Klebersteinsbrot ved Kvilesteinsvatnet/Raudberg

Mellomalder. Ca.. 1050 til 1536 (reformasjonen)

Nytt land vert busett og dyrka fram mot 1350. Sogn vert kristna. Stavkyrkjer vert reiste på Hopperstad og Tenål i Vik, på Vangsnes og i Framfjorden, Feios og Fresvik. Steinkyrkja på Hove blir bygd sist på 1100-talet, kan ha erstatta ei tidlegare stavkyrkje. Endringar i byggeskikk: Laft tek over for stavbygging i dei viktigaste husa på garden. Gardsskipnad og gardstun tek form slik me kjenner det frå eldre klyngetun og rekketun. Svartedauden frå ca.. 1350 set landet og regionen sterkt attende, og store deler av tidlegare busette område vert avfolka og øyde.

Viktige kulturminne frå perioden:

- Hopperstad stavkyrkje (ca.. 1130) og Hove steinkyrkje (ca.. 1170)
- Kyrkjestader på Flete, Tenål og Vangsnes, og i Feios og Fresvik
- Viktige ferdsselsvegar
- Stølar og stølsområde
- Eldre gardstun

1537- 1850

Bygdene og folketalet tek seg oppatt etter Svartedauden. Strandsitjarstaden Vikøyri veks fram frå ca.. år 1600. Gjenreising etter storbrannen 1838. Nyare gardar og gardstun. Nyare stølar og stølsområde. Vik vert militær øvingsplass i 1726, ved oppretting av «Vigske Kompani». Offiserar etablerer seg. Herskapshus for offisersfamiliar og embetsmenn blir bygde: Prestgarden og Klokkargarden, Lensmannsgarden i Bø, Tillischgarden, Valentinsgarden (riven), Heimdal (riven), garden Skau i Fresvik. Næring/reiseliv: Hopstock hotell, Larsenhuset. Stavkyrkja på Flete i Framfjorden vert riven og erstatta av ny kyrkje på Nese i 1648. Storskreda på Nese 1811 tok 45 menneske.

Viktige kulturminne frå perioden:

- Strandsitjarstaden Vikøyri
- Embetsmannshus: Lensmannsgarden i Bø, Klokkargarden, Prestegarden
- Diverse tun og gardshus, stølshus og andre bygningar i utmark
- Vangsnes gjestgjevargard
- Skredstova på Nese med stein frå storskreda 1811

1850-1950

Det er ei tid med sterk vokster og utvikling i bygdene i Vik kommune. Vik er militær øvingsplass fram til 1898. Landbruket går frå naturalhushald til pengeøkonomi. Storjordskifte frå ca.. 1860 og framover med utflytting frå gamle tun og etablering av nye. Nye driftsmåtar og hjelpemiddel i landbruket: m.a. løypestreng og elektrisitet. Byggeskikk og driftsmåtar i landbruket endrar seg. Nye driftsbygningar med «alt i eitt»: Fjøs og låve under same tak. Lemstover med jarnomn og pipe erstattar gamle røykstover. Sveitserstilen kom til gardstuna, i forenkla form som «bygdesveitser». Stor folkevekst og stor utvandring til Amerika og Nord-Noreg. Ny byggeskikk og betre levkår: Nybygg for bustad og næring i sveitser- og jugendstil, «funkis» og moderne stil.

Samferdsel på sjø og land:

Båtruter og hamner/kaianlegg i alle bygder. Nye vegar. Bilen kjem.

Bygg for fellesskapet: kyrkje, skule:

Kyrkjelova av 1851 krev plass til 30% av sokneborna i kyrkjene. Stavkyrkjene på Vangsnes, Rinde og i Fresvik vert rivne og erstatta av nye kyrkjer. Ny kyrkje står ferdig i Vik i 1877. Peter Andreas Blix bergar Hove kyrkje og Hopperstad kyrkje frå riving, og står for restaurering av begge. Bygg for fellesskapet vert reiste i bygdene: Skule, bedehus, ungdomshus. Kommunehus vert bygd i hovudsoknet i 1890, med lokale for Vik Sparebank.

Industri og næringsbygg:

Mølla i Framfjorden, «Orvedals mølle», forretningsbygg i Vik sentrum. Vik Hermetikkfabrikk og Vik trevarefabrikk etablert 1920. Vik Slakteri og pølsefabrikk ca. 1925. Elektrifisering: Kraftverk i Framfjorden og i Refsdal. Vik og dei andre bygdene får ikkje del i samferdselsrevolusjonen på land, og får ikkje vegsamband med omverda før seinare.

Monument og krigsminne:

Den tyske keisar Wilhelm II reiste i 1913 megastatua av Fridtjov den frøkne på Vangsnes. Det vart etter krigen reist bautasteinar over falne frå Vik i fleire bygder.

Viktige kulturminne frå perioden

- Kyrkjene i Vik, Arnafjorden, Vangsnes, Feios og Fresvik
- Skulehuset på Seljadalen og Sylvarnes
- Kaiområdet på Nese med sjøbu, sag, butikk, bakeri, ekspedisjon, naust og ungdomshus
- Vikjahalli og gamle Kommunehuset
- Industrielle kulturminne: Talkutvinning i Framfjorden, Refsdal kraftstasjon frå 1913. Notanaustet i Fresvik
- Nyare våningshus og driftsbygningar i landbruket
- Dei fleste ståande stølshus og utmarksbygg i landbruket
- Monument og minnesmerke: Fridtjovstatuen og Fridtjovparken. Bautastein på Rulsen og ved Fresvik kyrkje. Minnesmerke over storskreda på Nese.

3.2 Tilstand og planstatus for faste kulturminne i Vik kommune

Kunnskap om faste kulturminne i Vik kommune

Området som Vik kommune dekkjer har registrerte spor etter menneskeleg verksemd som går attende til steinalder. Vik var ei rik jordbruksbygd og eit maktsenter i regionen i jernalder og mellomalder. Vi må rekna med at berre ein liten del av eksisterande automatisk freda kulturminne er kjende. Det er t.d. ikkje gjort større flateavdekkingar av dei sentrale kulturlandskapa på Hove og Hopperstad. Tapet av faste kulturminne har relativt sett vore mindre i bygdene i Vik enn i meir sentrale strøk med tidleg modernisering og utbyggingspress.

For sentrale deler av Vik kommune finst gamle kart som gjev unik dokumentasjon av busetnaden (Storjordskifte 1861, P.A. Blix 1893, I. Refsdal 1915, mfl.). Karta syner at det har skjedd ei stor uttynning i den eldre bygningsmassen i ettertid. Det gjeld og tettstaden på Vikøyri.

Viktige kjelder til kunnskap om faste kulturminne i Vik kommune er:

- arkeologiske utgravingar og funn. Desse er tilgjengelege i nettstaden «Askeladden».
- registrering av bygningar med byggjeår før 1900 i regi av SEFRAK (utført på 1980-talet), omfattar om lag 1200 bygningar/bygningsrestar. Registreringane er mangelfulle og opplysningane om alder/byggjeår er ofte usikre. Kontrollregistrering for Fresvik og Vangsnes i 2012-2015 tyder på at 20-30 % er tapt.
- Registrering av stølar, utløer og andre landbruksbygningar i utmark utført av m.a. Liv og Arvid Engan, Fresvik skule, Vik lokalhistoriske arkiv, Jan Kåre Fosse mfl.

Tap av kulturminne. Årsaker og konsekvensar.

Tap av kulturminne skjer på fleire måtar:

- Naturleg nedbryting: tre rotnar og brenn, jern rustar, stein og mur forvitrar og eroderer
- Kulturminne i grunnen går tapt ved terrenginngrep: bygging, massetak, planering o.l.
- Bygningar og anlegg går ut av bruk og går tapt ved forfall eller riving og/eller ombygging.
- Slitasje og skader knytt til stort publikumsbesøk/bruk

Bygningar og anlegg knytt til det førmoderne, i stor grad utmarksbaserte landbruket utgjer det store fleirtalet av faste kulturminne i Vik kommune. Dette omfattar om lag tusen utlør og meir enn tre hundre stølar, samt mange hundre eldre tunbygningar .

Teknologisk utvikling og strukturendringar i landbruket gjer at det meste av denne bygningsmassen er «til overs», og truleg vil vera borte innan nokre tiår. Det vil medføra ei vesentleg endring og forringing av kulturlandskapet i Vik Kommune. Eit vindauga mot fortida vil då vera lukka for alltid.

Plan- og vernestatus for faste kulturminne i Vik

Vik kommune har ikkje tidlegare vedteke eigen *kulturminneplan*. Eit stort tal kjende kulturminne er gjeve eit lovmessig vern etter Kulturminnelova (KML), Plan - og bygningslova (PBL) og Naturmangfaldslova (NML). Mange verdifulle kulturminne er verna i kommunale arealplanar etter PBL. Dei viktigaste er:

Kommuneplan for Vik, arealdelen 2013-24:

14 omsynssoner for «bevaring av kulturmiljø»

Stølsheimen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde er viste som bandlagde omsynssoner etter NML. Mellomalderkyrkjene på Hopperstad og Hove med kyrkjegardar, samt gravhaugane Moahaugane er viste som bandlagde omsynssoner etter KML.

Reguleringsplan for Hove-Moahaugane- Hopperstad (Vedtak 2009):

Planen gjev vernestatus til om lag 700 daa kulturlandskap i øvre Flatbygdi, med mellomalderkyrkjene på Hove og Hopperstad, Moahaugane frå jernalder og viktige eldre tunområde.

Reguleringsplan for verna område på Vikøyri (Vedtak 1990):

Planen gjev vernestatus til den eldre delen av strandsitjarmiljøet på Vikøyri, og gjev føringar for forvaltning av området. Verneplanen omfattar 87 bygningar. I planføresegnene er 15 desse gjeve eit *særleg* vern med m.a. forbod mot endringar.

Sogn folkemuseum - De Heibergske samlinger har fleire verdifulle bygningar frå Vik :

- Vik prestegard, hovudbygning frå ca. 1760
- Geithusbui frå Arnafjorden ca. 1596
- Bergheimstova frå Feios bygd 1550-1600
- Stavedalsstova frå 1600-talet

3.3 Formidling

Formidling inneber her å gje eit større publikum tilgang til og kunnskap om våre kulturminne gjennom omvising/guiding, foredrag/møte, skilt/infotavler, skriftleg info, info på nett, m.m.

Nokre viktige aktørar og kanalar for formidling av kulturminne i Vik:

Fortidsminneforeninga (FMF) lærer opp lokale guidar og opnar mellomalderkyrkjene på Hove og Hopperstad for omvising i sommarhalvåret og elles etter avtale. Info om kyrkjene og om opningstider ligg og på FMF sine nettsider.

Kulturløype Vikøyri og turvegen «*Sylvringen*» gjev kunnskap om viktige kulturminne i Flatbygdi.

Sylvringen AS tilbyr guida turar til utvalde attraksjonar og kulturminne.

Stiftinga «Vik kraftlag 2013» gjev omvising i Gamle Refsdal kraftstasjon frå 1913.

Lokale bygdelaq og historielaq har laga kulturløyper i bygdene Fresvik, Feios og Arnafjorden.

Vik Lokalhistoriske arkiv har gjeve ut ei rekke bøker/publikasjonar om kulturminne i Vik.

Det lokalhistoriske bladet «Pridlao» har sidan 1984 formidla kunnskap om Vik sin kulturarv til eit stort publikum i og utanfor Vik.

Infotavler ved nokre større attraksjonar og trafikk-knutepunkt.

Skulane i Vik brukar på ulike måtar kulturminne i undervisninga.

Omtale av viktige kulturminne i brosjyrar/info frå reiselivsorganisasjonen Visit Sognefjord og Vik Turistinformasjon.

Stiftinga Norsk Kulturarv og Fylkesarkivet for Sogn og fjordane har info om viktige kulturminne i Vik på sine nettsider

Fleire private nettsider har foto/info om kulturminne i Vik, t.d. vikjavev.no

Det er rom for vesentlege forbetringar i formidling av Vik sine kulturminne.

3.4 Viktige kategoriar av faste kulturminne i Vik kommune

Denne planen har som mål å sikra eit representativt utval av kulturminne. Med grunnlag i historia til bygdene i Vik kommune er 8 kategoriar av faste kulturminne vurdert som viktige i denne planen.

I matrisa under er lista opp døme på kulturminne som i planen er vurdert som verdifulle/verneverdige innafor dei ulike kategoriane.

Nr.	Kategori	Underkategoriar	Døme
1	Automatisk freda kulturminne («Fornminne»)	Middelalderkyrkjer, kyrkjestadar gravminne, fangstanlegg, steinbrot, jernvinne, bergkunst, eldre buplassar (steinalder, jernalder, bronsealder)	Hopperstad stavkyrkje, Tenold kyrkjestad, Moahaugane, Fangstanlegg Fresvikfjella, Klebersteinbrot Gryteberget, Jernvinne Lomsli, Skålgropfelt på Tistel, Geithus
2	Landbruket sine kulturminne og kulturmiljø	Gardstun, høgdegardar, klyngetun, driftsbygninger, borgstover, stabbur, eldhus, kornturker, kvernhus, kulturlandskap, utløer, løypestrengar, steingjerde, stølar	Åse, Grønsberg, Hovland, Engi, Driftsbygning på Stjernegjerd, Lafta utløe i Grindedal, Stabburet på Fjærestad, Løytnantstova på Feidjane, Borgstova i Vik, Kornturka ved Ara bru, Hermundskverni i Fresvik, Løypestreng på Skausvollen, Le, Steingjerdet på Nedste Hov
3	Tettstadar og kulturmiljø		Vikøyri, Vetleøyri, Kaimiljøet på Nese
4	Våningshus frå ulike tider	Tradisjonell, jugendstil, sveitserstil, empirestil, dragestil, funkis, hus knytt til historiske hendingar	Gamlestova på Mikkjelgarden, Villa Neipe, Villa Hamnen, Lensmannsgarden i Bø, Ønhuset, Funkishus Telthusvegen 2, Lychehuset i Vik
5	Samferdsel på land og sjø	Vegar, stølsvegar, bruer, kaiar, naustmiljø	Gamle Tennesvegen, Gamlebrua på Fosse, Kaimiljøet på Nese, Naustmiljø i Valsvik
6	Bygg og anlegg for fellesskapet	Kyrkjer og kyrkjegardar, skulehus, forsamlingshus, bygg for offentlege tenester	Vangsnes kyrkje, skulehuset i Seljadalen, bedehuset i Feios, gamle kommunehuset i Vik
7	Bygg og anlegg for næring og industri	Naust, gruver, kraftstasjonar, vassveiter, sagbruk, møller, smier, hotell og gjestgjevare	Notanaustet i Fresvik, Gamlegruva på Le, Refsdal kraftstasjon frå 1913, Vassveitene Mannsverk, Stavasagi, Orvedalsmølla, Smia i Brennene, Gjstgjevargarden på Vangsnes
8	Minnesmerke og monument	Statuer, krigsminne, minne etter andre hendingar, minne etter personar, vardar	Fridtjovstatuen, bauta over Ingvald Vangsnes, Skredstova på Nese, minnestein Mensen Ernst, Fresvikvarden

4. Verdifulle kulturminne

I denne planen er det gjort eit utval av faste kulturminne. Riksantikvaren sine **kriteria for verdivurdering av kulturminne** er nytta som rettesnor. Desse er i stikkordform (sjå utfyllande utgreiing i vedlegg 7.2):

Opplevingsverdi. M.a.:	Kunnskapsverdi. M.a.:	Bruksverdi. M.a.:
Identitetsverdi	Historisk kjeldeverdi. Alder	Næringsverdi/bruksverdi
Symbolverdi	Representativitet	Økologisk verdi/miljøverdi
Estetisk verdi.	Sjeldan/typisk	Tilgjenge

Mange faste kulturminne i Vik er freda eller verna ved lov, eller som fylgje av planvedtak. I denne planen er det lagt til grunn at desse kulturminna er å sjå som verdifulle, utan særskild verdivurdering. Dette gjeld:

- Freda kulturminne etter *kulturminneloven*. Medrekna «listeførde kyrkjer»
- Verna kulturminne etter *Plan- og bygningsloven*. Kommuneplan/reguleringsplan
- Kulturminne i verneområde etter *Naturmangfaldloven*: Stølsheimen og Nærøyfjorden LVO
- Bygningar eldre enn 1850 (jf. SEFRAK-registeret)

Av andre faste kulturminne er det gjort eit utval etter kriteria som er gjort nærare greie for i kap. 4.4. og vedlegg 7.2. Dette gjeld i all hovudsak bygningar og anlegg med byggjeår 1850 til 1950. Kulturmiljø i denne gruppa (t.d. gardstun) kan likevel ha einskildbygningar/objekt eldre enn 1850.

Verdifulle kulturminne er i denne planen delt i 4 kategoriar:

- Freda kulturminne
- Verna kulturminne
- Bygningar med byggjeår 1650-1850
- Andre verdifulle faste kulturminne



Naustrekkja på Vikøyri

4.1 Freda kulturminne

Lovheimel: Kulturminnelova

Omfattar:

- Automatisk freda kulturminne: alle kulturminne eldre enn 1537
- Ståande bygningar eldre enn 1650
- Vedtaksfreda kulturminne.
- «Listeførde» kyrkjer

I Riksantikvaren sin database Askeladden er det per 1.12.2017 registrert 191 *automatisk freda kulturminne* i Vik kommune. Med få unntak er dette *arkeologiske* kulturminne: gravminne, bergkunst («gropasteinar»), fangstanlegg i høgfjellet, jernvinne, klebersteinsbrot og spor etter dyrking og busetting. Unntak er mellomalderkyrkjene på Hove og Hopperstad. Fire sokalla «listeførde» kyrkjer står på automatisk freda *kyrkjestad*. Vik Fengsel frå 1865 er freda ved vedtak i 2014.

Nedanfor fylgjer liste over eit *utval* av freda kulturminne fordelt på sokner. Lista syner freda kulturminne som i denne planen er vurdert å vera *viktige og representative*, og særleg aktuelle for tiltak som skilting og anna formidling. Spalta til høgre viser til ID-nummer som kulturminna har i Riksantikvaren sin database over freda og verna kulturminne «Askeladden». Informasjon i Askeladden er også tilgjengeleg via nettportalen *Kulturminnesøk* (kulturminnesok.no).


Viktige freda kulturminne i Vik kommune

ID	Objekt. Fakta	Type kulturminne/ tidsfesting	Askeladden-ID
Vik Hovudsokn			
101	Hove Kyrkje m. kyrkjegard	Steinkyrkje frå om lag 1170	84644
102	Hopperstad kyrkje m. kyrkjegard	Stavkyrkje frå 1130	84627
103	Moahaugane	Gravhaugar 300-500 e. Kr.	110486
104	Brødrehaugane	Gravhaugar frå Jernalder	45590
105	Øykjahaugen	Gravhaug frå Jernalder	6094
106	Vik Fengsel	frå 1865, vedtaksfreda	174923
107	Jernvinne Lomsli	Jernalder- mellomalder	114886
108	Jernvinne Nyastøllia	Jernalder- mellomalder	105933
109	Tenål kyrkjestad	Mellomalder	85616
110	Skålgropfelt på Tistel	Bronsealder/jernalder	142029
Arnafjord sokn			
111	Klebersteinbrot Gryteberget	Jernalder-middelalder	141992
112	Klebersteinbrot Vetle Raudberg	Jernalder-middelalder	95084
113	Arnafjord kyrkje og kyrkjestad	Kyrkje 1880, kyrkjestad frå 1648	83793
114	Flete kyrkjestad	Mellomalder	722902
115	Arkeologisk felt Indrefjorden	40 tufter, røyser og groper frå førreformatorisk tid	15920
116	Geithus	Steinalderbuplass	115157
117	Stølstufter, Bjergane	Stølstufter. Jernalder 100-200 e.Kr.	Sjå vedl. 7.1

Vangsnes			
118	Tinghaug sør for V. kyrkje	3 gravhaugar frå Jernalder	55337
119	Ryggjahaugen i Fridtjovparken	2 gravhaugar frå Yngre jernalder	25661
	Gravrøys Tveiti	Bronsealder/Jernalder	6096
120	Vangsnes kyrkje og kyrkjegard	Kyrkje 1861, kyrkjestad og kyrkjegard frå Mellomalder	85762
121	Skålgroper på stølen Kallbak	Bronsealder-jernalder	-
Feios			
122	Feios kyrkje og kyrkjestad	Kyrkje 1866, mellomalderkyrkjestad	84121
123	«Botolvshaugen» Børenganeset	Gravhaug frå Jernalder	72982
124	Kråkuri på Borlaug	Gravrøys frå Yngre jernalder	45447
125	Gravrøys på Rinde	Jernalder	6408
126	Gravrøys på Straumsneset	Jernalder	55183
Fresvik			
125	Fresvik kyrkje og kyrkjestad	Kyrkje 1881, mellomalderkyrkjestad	84197
126	Grundeland	Buplass frå Yngre bronsealder og Eldre jernalder	95318
127	Gravhaug Grundeland	Jernalder	35855
128	Fangstanlegg for rein Tuftafjellet	99 objekt frå 1305-1435 e. Kr.: Leiegjerde, bogestiller	141969
129	Fangstanlegg for rein Syryngfjellet	40 objekt frå Jernalder, mest bogestiller	173536
130	Fangstanlegg for rein Langafjellet	24 objekt, mur og bogestiller frå Jernalder	173538



Vik fengsel, einaste vedtaksfreda bygning i Vik



Fangstanlegg for rein i Fresvikfjella

4.2 Verna kulturminne

Lovheimel: Plan- og bygningslova, Naturmangfaldslova

Verna kulturminne omfattar enkeltbygg/anlegg og kulturmiljø som er verna etter Plan- og bygningslova (PBL), eller etter Naturmangfaldslova (NML). Vern kan ha ulike grader av restriksjonar. Vedtak om vern etter PBL er gjort av Vik kommunestyre.

Landskapsvernområde for Stølsheimen og for Nærøyfjorden omfattar deler av Vik kommune. Verneføresegnene gjev ein grad av vern for verdifulle stølsmiljø i områda. Nedanfor fylgjer ei liste over utvalde verna kulturmiljø og einskildminne.

Forkortingar/forklaring:

KPA 14 = Kommuneplanen sin arealdel vedteken 2014.

RP = Reguleringsplan. Planidentitet (ID): kommunenr.+ årstal + løpenr.

Døme: RP HMM = Reguleringsplan Hove – Moahaugane – Hopperstad : ID 1417-2009003

Omsynssone H570 har som formål «Bevaring av kulturmiljø».

NML=Naturmangfaldslova, LVO=landskapsvernområde

Nr.	Kulturminne/kulturmiljø	Gnr/bnr	Planstatus. Reguleringsplan/omsynssone
201	Hove tunet	26/20,21	RP HMM, ID 1417-2009 003
202	Hopperstadtunet	39/	RP Hopperstad, ID 1417-2010 009
203	Klokkargarden	39/12	RP HMM, ID 1417-2009 003
204	Vikøyri. Verna område		RP Øyri 1990, ID 1417-1990 005
205	Grønsberg. Tun og mark	11/1 og 2	KPA 14, omsynssone H570-4
206	Nyastøl		KPA 14, omsynssone H570-12
207	Støl Sendedal		KPA 14, omsynssone H570-6
208	Lensmannsgarden i Bø	36/9	KPA 14, omsynssone H570-1
209	Gamletunet på Tistel	31/1	KPA 14, omsynssone H570-2
210	Refsdal Kraftverk 1913	21/1	KPA 14, omsynssone H570-14
211	Gamle kommunehuset	1/214	RP Gamle kommunehuset/ Vikjhalli, ID 1417-1994 003
212	Rivedals hotell	1/28	RP Rulsen ,ID 1417-2009 002
213	Orvedals mølle	6/4	RP HMM, ID 1417-2009 003
214	Guhaugen. Våningshus og uthus	26/12	RP HMM, ID 1417-2009 003
215	Øen-huset	1/27	RP Storetriangelen, ID 1417-1989 001
216	Villaen i Hamnen	1/48	RP Havnen, ID 1417-1992 002
217	Thingvollhuset	41/2	RP Storetriangelen, ID 1417-1989 001
218	Høgdegarden Lee		KPA 14, omsynssone H570-5
219	Valsvikstølen		KPA 14, omsynssone H570-7
220	Vatnane fjellstøl		KPA 14, omsynssone H570-8
221	Alrekstølen		KPA 14, omsynssone H570-11
222	Alrek	75/1,2	KPA 14, omsynssone H570-10
223	Sylvarnes	71/1,2	KPA 14, omsynssone H570-9
224	Vollekrene, Nese (kulturlandskap)	64/10,11	KPA 14, omsynssone H570 -13
225	Stølsheimen LVO		KPA 14, omsynssone H720-1
226	Gjestgjevargarden	97/13	RP Nordre Vangsnes, ID 1417-1989 001

227	Fridtjovparken/-statuen	97/76	RP Nordre Vangsnes, ID 1417-1989 001
228	Naustmiljø Rindesfjøra		RP Rinde hyttefelt, ID 1417-2007 004
229	Gamle biblioteket	160/55	RP Rinde hyttefelt, ID 1417-2007 004
230	Engi stølsområde		KPA 14, omsynssone H570-3
231	Nærøyfjorden LVO		KPA 14, omsynssone H720-3



Lensmannsgarden i Bø



Refsdal kraftstasjon frå 1913



Gjestjevargarden på Vangsnes



Grønsberg



Gamletunet på Tistel

4.3 Bygningar med byggjeår 1650-1850

For bygningar med pårekna byggjeår mellom 1650 og 1850 gjeld krav om uttale frå antikvarisk styremakt (fylkeskonservator) før løyve til tiltak kan gjevast. Dette gjeld alle ståande bygningar registrerte i SEFRAK-registeret, med pårekna byggjeår 1850 eller tidlegare («raud SEFRAK»), samt ev. bygningar i denne aldersgruppa som ikkje er registrerte. Samla gjeld dette eit stort tal bygningar med potensielt stor kulturminneverdi på grunn av alder. SEFRAK registrerte på 1980-talet om lag 1200 bygningar med byggjeår før 1900. Ein stor del av desse hadde pårekna byggjeår før 1850.

Kontrollregistrering av SEFRAK-bygg er utført for store deler av kommunen 2013-2016. Registrert tap frå registrering på 1980-talet pga. riving /forfall er i storleiksorden 20-30 %. Slutføring av kontrollregistrering vil gje grunnlag for å laga oversikt over ståande bygningar eldre enn 1850, og ei *verdivurdering* som grunnlag for prioritering av tiltak.

På grunnlag av kjent kunnskap er det nedanfor lista opp eit utval bygg/anlegg som ikkje er verna, men som her er vurdert å ha høg kulturminneverdi ut frå m.a. alder:

Alder: Opplysningar om byggjeår er henta frå SEFRAK- registeret , og er usikre for mange objekt. Mange registrerte bygg har ingen datering. Mellom desse kan det vera bygningar med høg alder. Eigar: når ikkje anna er sagt er kulturminne i privat eige.

NR	Bygning/objekt.	Byggjeår	Gnr/bnr	SEFRAK- ID. (1417+)
Vik Hovudsokn				
301	Bustad/våningshus. «Lyche-huset» Der vart utsendingar til Eidsvoll valde i 1814.	Ca.. 1750	2/4	0103123
302	Bustadhus «Gamlestovao». Vetløyri	1775-1800	1/134	0102 005
303	Naust, Vetløyri	1775-1800	1/83	0102 006
304	Stabbur Fjærestad	1600-talet	34/5	0108 159
305	Halvlemstove Fjærestad	1600-1625	34/5	0108 158
306	Stabbur Skjerven	1600-talet	38/3	0108 100
307	Halvlemstove Skjerven	1800-1825	38/3	0108 099
308	Kårhus, Seljestø	1775-1800	10/1	0106 016
309	Våningshus , Seljestø	1725-1750	10/1	0106 017
310	Stabbur, Seljestø	1700-1725	10/1	0106 018
311	Fjøs, Vetle Vange (Tillischgarden)	1800-1825	2/7	0103 127
312	Prestegardsstabburet. Siste bygning i Vik av Vik Prestegard. Eigar: OVF	1800-talet	40/1	0103 082
313	Stabbur Hove	1675-1700	26/26	0105 040
314	Stabbur Hønsi	1625-1650	28/5	0108 054
315	Stabbur, Orvedal	1600-talet	16/6	0107 019
Vangsnes				
316	Gamlastova på Hovland	1700-1725	100/1	010113

Feios					
317	«Løytnantsstova»	Etter løytnant Andreas Reutz. Røykstove.	1720 -40	159/14	0112 104
318	Astridstova	Restar av strandsitjarmiljø i Osen, Feios Eigar: Feios Bygdelag. Tomta er allmenning.	1700-talet	Allmenning	-
319	Randistova				-
320	Stabbur, Berdal		1700-tal	174/7	0112 003
321	Eldhus, Berdal		1700-tal	174/7	0112 004
322	Stovehus, Berdal		1700-tal	174/7	0112 005
323	«Hjellsengstovao»	Berdal	1700-talet	174/7	0112 001
324	Driftsbygning, Bergheim	Kornbrot. Jf. Pridlao 3-97	1600-talet	172/1	0113-050
325	Stall, Bergheim		1600-talet	172/1	0113-051
326	Bu, Bergheim		1600-talet	172/1	0113-052
327	Stabbur, Bergheim		1600-talet	172/1	0113-053
328	Gamlestova	Borlaug. Erik Olsen Baarlaug	1772.	158/1	0112 100
329	Stabbur på Stjernegjerde	(Stedngjere)	1600-talet	173/1	0113 066
330	Stabbur på Dale.	Grindedal	1789	164/1	0113 072
331	Sel/Stølshus.	Slettamo. Åfet	1600-talet	172/1	0113 008
332	Sel/Stølshus.	Saupsete. Åfet/Tjønn	1600-talet	sameige	0113 014
Fresvik					
333	«Kuskastova»	Skau. Flytta opp frå sentrum.	1632	138/4	-
334	Gamlestova på Mikkjellgarden		1800-talet	140/1	0115 015
335	Stabbur, Bøtun		1775-1800	140/15	0115 028
336	Gamlestova i Grønli.	Her budde Ingeborg Olsdotter Grønlien, avretta i Fresvik 1845, nestsiste avretting i Sogn.	1800-talet	139/9	-
337	Sjurastova.	Flytta frå Sjurgarden		136/15	-
Arnafjorden					
338	Kleivaløa, Hanekam.	Restaurert utløe	1844	72/1	-
339	Naust, Dale		1725-50	56/2	0109 002
340	Naust/sjøbu, Valsvik		1700-talet	59/22	0109 004
341	Naust, Valsvik		1800-1825	59/4	0109 005
342	Naust, Hauglum.	(Butikk 1872-84)	1800-talet	51/4	0109043
343	Bustadhus. Sveinsbø, Frettheim		1775-1800	63/3	0110 027
344	Eldhus. Sveinsbø, Frettheim		1775-1800	63/3	0110 026
345	Stove. Bøen, Vollevik		1600-talet	69/2	0111 006
346	Sel/fjøs. Sylvarnesdalen		1775-1800	71/-	0111 104



Stabburet på Fjærestad



Gamlastova Mikkjellgarden Fresvik



Gamlastova på Hovland

4.4 Andre verdifulle kulturminne


Denne kategorien omfattar kulturminne som ikkje er formelt freda eller verna, og som er vurdert i denne planen som verdifulle og verneverdige. Omfattar både *kulturmiljø* og *einskildminne*. Einskildminne (bygningar/anlegg) på lista under er bygningar/objekt nyare enn 1850. *Kulturmiljø* på lista under kan og innehalda bygningar eldre enn 1850, og/eller objekt/lokalitetar som er freda eller verna. Utvalet på lista nedanfor er gjort etter beste skjønn, på grunnlag av kriteria som er gjort nærare greie for i vedlegg 7.2.

Eigar: P= privat eigar/sameige, VK = Vik Kommune, A= andre, Type: KM = kulturminne, KMIL = kulturmiljø

Nr.	Gnr/bnr	Område	Type	Eigar	Merknad/verneverdi
Vik Hovudsokn					
401	40/24	Vik Kyrkje og kyrkjegard	KMIL	VK/A	Byggjeår 1877
402	4/24 mfl.	Tenåltunet	KMIL	P	Gamalt tun med m.a. eldhus, bu, våningshus ved freda kyrkjestad
403	15/1 mfl.	Åsetunet, Seljadalen	KMIL	P	Gamalt klyngetun
404	1/76	Vikjahalli	KM	A	Kulturhus/ungdomshus bygd 1910
405	1/14	Doktorgarden i Vik	KM	VK	Byggjeår 1874
406	9/6	Skulehuset i Seljadalen	KM	VK	1869
407	5/17	Villa Neipe	KM	P	Våningshus i jugendstil frå 1928
408	41/47	Borgstova	KM	A	Byggjeår 1864. (Rest Sjøtungarden)
409	40/18	Kornturka ved Ara bru	KM	P	Rest av Sjøtungarden
410	40/14	Tunet i Grov	KMIL	P	Smie, stove, løe/fjos og snikkarverkstad. Smia blei flytta ditt og restaurert 2011.
411	2/12	Løa på Vange	KM	P	Byggjeår 1910, del av bygget truleg eldre. Restaurert 2017
412	37/10	Kvernhuset i Øyna	KM	P	Siste kvernhus langs Hopra, truleg frå 1800-talet
413	3,4,6	Reievegen Tenål-Varpet	KMIL	P	Viktig turveg
414	7,15	Gamlevegen Fosse-Åse	KM	P	Intakt eldre veg
415	0/1	Trytisbrui	KM	SVV	Murt brukvelv av høg kvalitet ved Rv13, 1912/1913
416	7	Fosse bru	KM	P	Intakt steinbru frå 1800-talet
417	1/60	Bautaen på Rulsen	KM	VK	1946, til minne om falne i 2. verdenskrigen
418	1/24	Stabbur, Sæbø	KM	P	Bygd av J.I.Hove « Guhaugen» 1890-talet. Dragestil
419	41/6 mfl.	Forretningsgata i Vik	KMIL	P	5 forretningsbygg frå 1923-1928
420	1/217 mfl.	Vetleøyri	KMIL	P	Rest av strandsitjarmiljø
421	41/40	Funkishuset telthusvegen	KM	P	Frå 1938, representerer funksjonalismen frå 1930-åra

Arnafjord					
422	64/29 mfl.	Kaimiljøet på Nese	KMIL	P/A	Godt bevart kai- og bygningsmiljø frå tidleg på 1900-tal
423	58/1,2,4,7	Hellane	KMIL	P	Intakt kulturlandskap m. tun/bygningar
424	59/4 mm.	Naustmiljø i Valsvik	KMIL	P	Naustrekkje med intakt strandlinje. Enkeltbygg datert til 1700-talet
425	sameige	Gamlegruva på Le	KM	P	I drift frå 1908 til 1956, minne etter talkumindustrien i Framfjorden
426	54/4 mm.	Gruvevegen	KM	P	Vegen til gruvearbeidarane
427	51/2/1	Smia på talkmølletomta	KM	P	Byggjeår 1927-1928
428	64/6	Ungdomshuset på Nese	KM	P	Byggjeår 1920
429	71/4	Skulehuset på Sylvarnes	KM	VK	Byggjeår 1901, «Bygdesveitser»
430	64/3 mfl.	Skulehuset på Nese	KM	P	1893
431	64/63	Skredstova	KM	A	Minnesmerke etter storskreda 1811
432	64/63	Eldhus, Dale	KM	A	1800-talet el. Før, flytta frå Dale
433	64/54	Bauta ved Arnafjord kyrkje	KM	A	Minnesmerke over falne 2.verdskrigen
434	64/12	Kvernhuset på Nese	KM	P	Intakt bygning, utan slok og kvernstein
435	71	Stølen Sylvarnesdalen	KMIL	P	Godt bevart støl m. to større stølshus, det eine frå 1700-talet
436	64/66, 64/1,2,6	Gamle Tennesvegen	KM	P	Gamal veg frå Nese til Tenne
437	49/2	Gamletunet på Nistad	KMIL	P	Eldre tun m. store murar
Vangsnes					
438	100/1	Tun på Hovland	KMIL	P	Intakt tun. M.a. kornturke, sag, gamal stove med eldhus
439	100/1	Fjellstølen Mytingen	KMIL	P	Selbø med 2 sel og fjøs
440	99/2	Tun i Øksdal	KMIL	P	Eldre tun med halvlemstove, bu, stabbur og løe/fjøs
441	99/1 mfl.	Gamle vassveiter på Vangsnes	KM	P	Gamalt anlegg for vassforsyning til Vangsnes
442	97/228	Bauta over Ingvald Vangsnes	KM	VK	1946, flytta i 1989. Krigsminne frå 2.verdskrigen
Feios					
443	174/14	Bedehuset i Berald	KM	A	Byggjeår 1941
444	165/1	Gamlestova på Lunde	KM	P	Byggjeår 1865
445	159/13	Smia på Brennene	KM	P	Største ljåsmia i Sogn, truleg frå 1870-talet
446	164/1	Lafta utløe Grindedal	KM	P	Ca. 1900
447	157/1	Våningshus Indre Borlaug	KM	P	Byggjeår 1885
448	160/51	Bauta ved Osen Bru	KM	A	Reist 1927
449	-	Krigsgrav på kyrkjegarden i Feios	KM	A	Minnesmerke over falne 2.verdskrigen
450	173/1	Driftsbygning på Stjenegjerd	KM	P	Stor låve m. murt underetasje. 1910

Fresvik					
451	138/1	Tunet på Skau gard	KMIL	P	Tunbygningar, taubane m.m.
452	141/28	Larshuset	KM	P	bygd 1904
453	141/11	Hotellet	KM	P	Bygd som hotell 1892/1893
454	140/3	Notanaustet	KM	P	Byggjeår ca. 1910
455	135/8	Kverni i Tråene	KM	P	Kvernhus i Fresvik, bygg kring 1906
456	138/5	Bautastein ved Fresvik kyrkje	KM	A	Reist 1913, til minne om soldatar frå Fresvik i krig mot Sverige 1808-1809
457	138/5	Minnestein over Hans Elvheim	KM	A	Deltok i kampane i Valdres 1940
458	141/4	Løypestreng på Skausvollen	KM	P	Intakt løypestreng med feste
459	140/70	Minnestein over Mensen Ernst	KM	A	Reist 1987 ved IL Modig stadion
460	fleire	Bakkaveiti	KM	P	Vatningsveit i Fresvik
461	138/1	Stavasagi	KM	P	Restar etter sagbruk frå rundt 1920
462	136/2	Holeløa	KM	P	Eldre driftsbygning med synleg laft
463	-	Fresvikvarden	KM	A	Vegvisar /landemerke i fjellet. Ukjend alder, truleg frå mellomalder
464	149/7	Steingjerde på Nedsta Hov	KM	P	212 m langt steingjerde, under restaurering



Fosse bru i Vik



Borgstova i Vik



Kaimiljøet på Nese i Arnafjord



Utløe i Grindedal/Feios

5. Forvaltning av kulturminne i Vik kommune

Viktige aktører i forvaltning av kulturminne i Vik kommune:

Miljøverndepartementet (MD) er øvste myndighet.

Riksantikvaren (RA) er MD sitt utøvande direktorat i kulturminnesaker.

RA forvaltar *freda* objekt etter Kulturminnelova (KML). Mynde til å vedta freding, oppheva og å gje dispensasjon frå fredingsføresegner.

Fylkeskommunen v/ Kulturavdelinga (FK): Forvaltar RA sitt mynde etter KML på *regionalt* nivå. Fylkeskommunen gjev og uttale i saker som gjeld nyare tids kulturminne

Vik Kommune.

Kommunen har ansvar (og mynde) for forvaltning/ivaretaking av kulturminne med heimel i Plan- og bygningslova. Kommunen har to rollar: som eigar, og som forvaltar av lovverket.

Vik Kommune eig og/eller forvaltar fleire verdifulle bygningar/anlegg:

- Kyrkjeloknene i Vik kommune eig 5 kyrkjer og 7 kyrkjegardar. Vik kyrkjelege felle råd er forvaltaren.
- Dei gamle skulehusa på Seljedalen, og Sylvarnes
- Fridtjovparken med statuen av Fridtjov den frøkne
- Storehaugen (Moahaugane)
- Doktorgarden (Vik Barnehage)

Private eigarar

Private eigarar forvaltar det store fleirtalet av faste kulturminne i Vik kommune. Det gjeld som regel alle kulturminne knytt til landbruket: Gamle tun og tunbygningar, stølar og utmarksbygg m.m. . Fleirtalet av automatisk freda kulturminne er også i privat eige og på privat grunn. Eigar pliktar å sjå til at ev. tiltak er i tråd med gjeldande lover, føresegner og planar for kulturminnet, og å henta inn naudsynte løyve til tiltak.

Fortidsminneforeningen eig stavkyrkja på Hopperstad, og forvaltar steinkyrkja på Hove.

Lag og organisasjonar forvaltar/eig nokre verdifulle kulturminne:

- Stiftinga Borgstova eig og driftar Borgstova
- Vik Kraftlag 2013 (frivillig lag) eig og driftar den restaurerte kraftstasjonen frå 1913.
- Vik Ungdomslag eig og driftar Vikjhalli.
- Oppsitjarane på Nese eig ungdomshuset på Nese. Arnafjord ungdomslag forvaltar huset.
- Ei lokal gruppe av interesserte eig og driftar Skredstova, minnesmerket etter storskreda 1811 på Nese.
- Eit frivillig lag i Feios eig og forvaltar Feios Bedehus.

Staten v/ Statsbygg forvaltar det vedtaksfreda Vik fengsel frå 1865.

Sogn Folkemuseum på Kaupanger har 4 eldre bygg frå Vik.

Nærøyfjorden verneområdestyre og Stølsheimen verneområdestyre er forvaltningsstyre for landskapsvernområda Nærøyfjorden og Stølsheimen. Stølsheimen verneområdestyret har t.d. ei prioriteringsliste for skjøtsel av stølar og har restaurert fleire stølsvollar og stølshus.

5.1 Mål og strategiar

Mål for forvaltning av kulturminne i Vik kommune (VK):

1. Redusera tapet av faste kulturminne til 0,5 % per år i samsvar med nasjonale mål
2. Sikra eit representativt utval av verdifulle kulturminne i bygdene i Vik kommune
3. Gjera kulturminne til viktig ressurs for lokal samfunnsutvikling og omdømebygging

Strategiar for VK sitt arbeid med kulturminnevern:

1. Kunnskapsbygging og informasjon

Oppdatert *kunnskapsgrunnlag* om kulturminne i Vik kommune. Registrering m.m. Informasjon om kulturminne og kulturminnevern på heimesida og i publikasjonar frå Vik Kommune. Skilting og infotavler m.m.
Kurs: «Kulturminnesøk», praktisk restaureringsarbeid, søknadsskriving
Opne møte om kulturminne

2. Aktiv forvaltning som myndigheit

Oppdatert kulturminneplan og anna plangrunnlag for kulturminnevern
Gjennomføring av planlagde tiltak
Ivareta kulturminne i plan- og byggesaker. Oppfylging av tilsynsplikt.

3. Aktiv forvaltning som eigar/forvaltar

God kvalitet på restaurering, vedlikehald og skjøtsel av verdifulle kulturminne som kommunen eig/forvaltar.

4. «Hjelp til sjølvhjelp» og samarbeid

VK skal *samarbeida* med eigarar, frivillige lag og organisasjonar, og med kulturminnestyremaktene på regionalt og nasjonalt plan i arbeid med kulturminnevern. Fleirtalet av faste kulturminne er i privat eige. Restaurering er ressurskrevjande. VK skal primært bidra med rådgjeving og hjelp til å skaffa ekstern finansiering til restaurering/sikring.

5.2 Retningslinjer for forvaltning

5.2.1 Generelle retningslinjer

Vik Kommune legg til grunn at auka kunnskap og haldningar/motivasjon er avgjerande for å nå måla for forvaltning av kulturminne, og at *vern gjennom bruk* skal vera ein hovudstrategi i kommunen sitt arbeid.

Verdifulle kulturminne lista opp i kap. 4., skal prioriterast for offentlege tilskot/støtte.

Restaurering skal leggja til grunn antikvariske prinsipp så lang råd.

5.2.2 Retningslinjer for freda kulturminne

For freda kulturminne gjeld forbod mot å endra, skada, riva eller fjerna kulturminnet utan løyve frå RA eller *kulturavdelinga i fylkeskommunen (FK)*. Forbodet gjeld både eksteriør og interiør. Alle tiltak etter PBL skal vera godkjende av RA/FK før Vik Kommune kan gje løyve.

5.2.3 Retningslinjer for verna kulturminne

For verna kulturminne gjeld forbod mot å endra, skada, riva eller fjerna kulturminnet utan løyve frå Vik Kommune. Forbodet gjeld til vanleg berre eksteriør (døme: fasadeendring på verna bygg). Når det er grunn til å tru at tiltaket kan forringa kulturminneverdien, skal kommunen henta inn uttale frå FK før løyve til tiltak kan gjevast.

5.2.4 Retningslinjer for kulturminne med byggjeår før 1850

For bygningar med byggjeår før 1850 skal kommunen henta inn uttale frå FK før løyve til tiltak kan gjevast.

5.2.5 Retningslinjer for kommunalt verneverdig kulturminne

For verdifulle kulturminne lista opp i kap. 4.4 skal kommunen henta inn uttale frå FK før det vert gjeve løyve til tiltak etter PBL, når det er grunn til å tru at tiltaket kan forringa kulturminneverdien.

5.2.6 Registrering i Askeladden

Kulturminne som er lista opp i kap. 4 skal innregistrerast i RA sin database Askeladden.

Vik Kommune har ansvar for at innregistrering av objekt i kap. 4.2, 4.3 og 4.4 vert utført.

6. Handlingsplan



KULTURMINNEPLAN VIK KOMMUNE 2018-2021

Dette dokumentet utgjør handlingsdelen av Kulturminneplan for Vik Kommune. Planen er ein *kommunedelplan* etter Plan og bygningslova §11. Handlingsplanen gjeld tiltak som ein tek sikte på å utføre i første 4-årsperioden etter vedtak av planen. Handlingsplanen skal *rullerast* minst kvart 2. år og samordnast med kommunen sin økonomiplan. Handlingsdelen legg til grunn mål og strategiar for Vik Kommune sitt arbeid for kulturminnevern omtala i planen sitt kap. 5. Tiltak er lista opp i uprioritert rekkefylgje.

Dato for siste revisjon av planforslag	-
Dato for Kommunestyret si godkjenning av planen	22.11.2018
Dato for siste revisjon/rullering av Handlingsplanen	2018
Dato for neste rullering av kulturminneplanen (innan 4 år etter vedtak)	2022

VK=Vik kommune, FMF=Fortidsminneforeningen, VLA=Vik lokalhistorisk arkiv, SBR=Sogn Brann og redning, FK=Fylkeskommunen, AIS=Arne Inge Sæbø

	TILTAK	Tid	Ansvar
1 Kunnskapsbygging og informasjon			
1.1	Plandokumentet leggjast ut på kommunen si heimeside knytt til artikkel med utfyllande informasjon.	2019 -	VK
1.2	Kartlegging av eks. infokilt/tavler om kulturminne	2018/2019	VK, bygdelaga
1.3	Fullføra kontrollregistrering av SEFRAK-objekt Ajourført oversyn over bygningar med byggeår før 1850. Føreset bruk av eksterne aktørar som kan finansierast med fondsmidlar	Innan 2019	VK
1.4	«Kulturhistorisk Vegbok» for Vik kommune	2020	Historielaget
1.5	Opne møte m. tema kulturminne og lokal historie	-	Historielaget
2 Vik Kommune si forvaltning som planmyndigheit			
2.1	Plan for brannsikring av verna trehusmiljø på Vikøyri. Oppstart. Samarbeid med Sogn Brann og redning.	2018/2019	SBR
2.2	Ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel: Leggja inn verdifulle kulturmiljø i kap. 4. 4 som omsynssone H 570.	-	VK
2.3	Revisjon av verneplan for Vikøyri av 1990. Innspel til neste planstrategi	-	VK
2.4	Starta opp reguleringsplan for Nese, Arnafjorden, med tanke på vern og restaurering av kaimiljøet. Innspel til neste planstrategi.	-	VK

3 Vik Kommune si forvaltning som eigar			
3.1	Avklara framtidig bruk og drift av skulehusa på Seljedalen og Sylvarnes .	2019	VK
3.2	Gjesteanlegg ved Hopperstad stavkyrkje. Opparbeiding etter vedteken reguleringsplan. Erverv av areal. Opparbeiding av parkering og servicebygg. Samarbeid med FMF. Under føresetnad av prioritering i økonomiplanen.	-	VK, FMF
3.3	Fridtjovparken. Detaljplan for opprusting/utviding. Erverv av tilleggsareal. Opparbeiding. Under føresetnad av prioritering i økonomiplanen. Tiltaket krev reguleringsplan og må spelast inn til neste rullering av planstrategien.	-	VK
3.4	Sikring og flytting av Prestegardsstabburet til Sogn Folkemuseum. Samarbeid med Sogn Folkemuseum. Under føresetnad av prioritering i økonomiplanen		VK, Sogn Folke- museum
4 Hjelp til sjølvhjelp. Samarbeid			
4.1	Halda fram med rådgjeving og hjelp til private eigarar for å skaffa støtte og tilskot til restaurering frå Kulturminnefondet og andre kjelder.	2018 -	VK
4.2	Samarbeid med fylkeskommunen sitt Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK), og med aktuelle verneområdestyre (VS)	-	VK,FK, VS
4.2.1	Klebersteinbrot Raudberg/Kvilesteinsvatnet. Skilt og info.	-	FK, VK,VS
4.2.2	Fresvikvarden – Botnen. Fangstanlegg for rein. Skilt og info	-	FK, VK,VS

7. Vedlegg

7.1 Kjelder

Det eksisterer mykje kunnskap om kulturminne i Vik kommune. Kunnskapen er spreidd på mange kjelder og arkiv. Mykje er samla i skriftlege publikasjonar. Nedanfor fylgjer eit oversyn. Lista er ikkje uttømande.

Nettstader:

1. Askeladden og Kulturminnesøk (kulturminnesok.no). Riksantikvaren.
2. SEFRAK – Sekretariat for registrering av eldre bygningar og andre kulturminne
3. Fylkesatlas (fylkesatlas.no – viser m.a. SEFRAK-bygg)
4. Geoatlas - registreringar på kart (geoatlas.no)

Arkiv, institusjonar, planar, kart og databaser:

5. Vik Lokalhistorisk Arkiv
6. Fylkesarkivet
7. Kommuneplan for Vik 2013-2024
8. Matrikkelen
9. Vik kommune sitt byggesaksarkiv
10. Universitetet i Bergen
11. Gamle kart: Jordskiftekart 1860, P.A. Blix 1893, I. Refsdal 2015.
12. Musea i Sogn og Fjordane. Heibergske samlingar.

Publikasjonar:

13. Skulesoge for Vik (2005) Arne Inge Sæbø. Vik lokalhistorisk arkiv.
14. Langs veglause strender (2009) Arne Inge Sæbø.
15. Stølar i stølsheimen (1979) Fylkeskonservatoren i Hordaland. Registreringsrapport nr. 5.
16. *Driftevegen gjennom Sogn og Fjordane, Prosjektrapport* (2003) Sogn og Fjordane Fylkeskommune.
17. Stølar i Vik (2004) Liv Rege Engan.
18. Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (2011) FM i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 4.
19. Utløer i Vik, Vangsnes og Arnafjorden (2013) Vik lokalhistorisk arkiv.
20. Utløer i Feios (2004) Vik lokalhistorisk arkiv.
21. Gards- og ættesoge for Vik i Sogn (2008) Gudmund Balvoll. Vik lokalhistorisk arkiv.
22. Vestlandsgården – fire arkeologiske undersøkelser (2002) Kjell Arne Valvik og Janicke Larsen. Havrå- Grinde-Lee-Ormelid. Arkeologiske avhandlingar og rapporter fra Universitetet i Bergen, vol. 8.
23. Viks fyrste kraftverk 1913 (2013) Vik lokalhistorisk arkiv.
24. Pridlao (fleire årgang) Tidsskrift. Vik lokalhistorisk arkiv.
25. Vikafjellet i Fjellheimen villreinområde (2013) Per Jordhøy. NINA Rapport 920.
26. Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde (2017) Stølsheimen verneområdestyre. Rapport nr.1.
27. Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap Delområde Nærøyfjorden (2008) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 1.

Anna:

28. Utløer – elevarbeid Fresvik skule
29. Lydopptak m.m. G. Holstad
30. Vern av kulturminne i Vik – hefte utarbeidd av Vik lokalhistorisk arkiv.
31. Kulturlandsskap og kulturmarkstypar i Vik. i Vik - Hefte frå 1990
32. Vikøyri. Strandsitjarmiljø i utvikling. Hefte. Arne Inge Sæbø.
33. Private gjenstandsamlingar: E. Tistel, R. Hove, Otterhjell, FMF mfl.
34. Registrering av kulturminne i utmark. Jan Kåre Fosse mfl.

7.2 Verdivurdering av kulturminne i kap. 4.4

For kulturminne og kulturmiljø lista opp i kap. 4.4 er det i denne planen gjort ei særskild verdivurdering. Verdivurderinga i planforslaget er utført av Vik Kommune og nemnda i samarbeid. For verdifulle kulturminne omtalte i kap. 4.1,4.2 og 4.3 fylgjer status som verdifulle kulturminne av lover og tidlegare planvedtak.

Utvalet i kap. 4.4 bygger på ein stor grad av skjønn. Kunnskapen om den totale kulturminnebestanden i kommunen er førebels mangelfull, men likevel god nok til å gjera eit utval . Ved seinare revisjon av planen kan meir og oppdatert kunnskap gje grunnlag for endringar og supplering.

Nemnda sine verdivurderingar skal vera etterprøvbare for andre. Det er difor utarbeidd eit skjema for kvart kulturminne, med opplysningar om verdier og eigenskapar, og samla verdivurdering og grunngjeving for utvalet.

Riksantikvaren har utarbeidd rettleiingar for verdisetting og verdivekting av kulturminner. Rettleiingane er lagt til grunn for vurderingsskjema nedanfor, med ein del forenklingar og tilpassingar til lokale forhold. Nedanfor fylgjer ein omtale av hovudpunkt i skjema og kriteria for utvalet.

Skjema

Foto og kartutsnitt. Koordinatar og ID som viser til kap.4.4

Fakta om kulturminnet . Eigenskapar.

- Eigedom og eigarforhold. Byggjeår/alder
- Kort omtale
- Bruk før og no. Endringar. Tilstand
- Sjeldan eller representativt for viktige kulturminnekategoriar i Vik (jf. Kap.3.4)
- kulturminnekategori

Verdiar ved kulturminnet:

- Kunnskapsverdiar
- Opplevingsverdiar
- Bruksverdiar

Nærare omtale er gjeven nedanfor

Verdivekting og samla vurdering.

Nemnda har her valt å gje ei reint verbal grunngjeving for at kulturminnet er valt ut.

Kriteria for utval:

I plandokumentet kap. 4.4 er det vist til kriteria for verdivurdering og utval av kulturminne. For utvalet er fylgjande kriteria lagt til grunn:

- Høg verdivurdering (kunnskapsverdi, opplevingsverdi , bruksverdi jf. under)
- Representativt og/eller sjeldan innafor kategoriane i kap. 3.4

I tillegg er det lagt vekt på

- om det er gjeve offentleg støtte til vøling/restaurering T.d. SMIL, Kulturminnefondet.
- om eigar/forvaltar har synt/syner vilje til å ta vare på kulturminnet.
- geografisk fordeling mellom bygdene i kommunen.

Utfyllande om verdisetting:

Redigert utdrag av RA sitt notat « Verdisetting og verdivekting av kulturminner» (omsetting til nynorsk v. O.W.):

Kva verdjar kan knytast til kulturminna?

Lista under viser døme, og er ikkje uttømande.

Kunnskapsverdjar.

Kulturminna er særleg verdifulle som kjelde til kunnskap om og forståing av fortida. Dette kan gjelde ulike forhold som kulturminna sitt opphav og bruken av dei, levemåte, tru og samfunnsforhold generelt, og samspel mellom menneske og natur.

Døme på kunnskapsverdjar:

- Bygningshistorie, materialhistorie, stilhistorie, teknologihistorie, handverkshistorie, kunsthistorie, arkitekturhistorie, planhistorie
- Næringshistorie, landbrukshistorie, fiskerihistorie, industrihistorie, sosialhistorie, samferdselshistorie, idrettshistorie, krigshistorie, bosettingshistorie, utmarkshistorie
- Religionshistorie, minoritetshistorie, personalhistorie, forskningshistorie, vitskapshistorie Miljøhistorie, forvaltningshistorie, vegetasjonshistorie

Opplevingsverdi.

Korleis kulturminna påverkar oss både som enkeltmenneske og som fellesskap.

Døme på opplevingsverdjar:

- Arkitektonisk verdi, kunstnarleg verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, bruks- og alderspreg, patina
- Symbolverdi, identitetsverdi
- Undring, refleksjon, overrasking, attkjenning, nysgjerrigheit, sinne

Bruksverdi

Kva kan kulturminnet brukast til? Kan dagens bruk vidareførast ? Kan ny bruk gje auka verdiskaping samstundes med at kulturminneverdien vert ivareteken?

Døme på bruksverdjar:

Økonomisk verdi, ressursverdi, næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi, pedagogisk verdi, museal verdi, tilgjenge.